



**NGIB**  
**Brannforebyggjande avdeling**  
 5914 ISDALSTØ

TELEFON 56 37 50 00  
 TELEFAKS 56 37 51 09

Arkiv: 2014  
 Saksmappe: 6  
 Sakshandsamar: Ole Johan Ingebrigtsen  
 Dato: 25.02.2014

**Radøy Ungdomsskule**  
 v/Alexander Kjeseth  
 5936 Manger

## TILSYNSRAPPORT

### Radøy Ungdomsskule

I medhald av "Brann og eksplosjonsvernloven" av 14.06.2002, § 13, med tilhøyrande "forskrift om brannforebyggjande tiltak og tilsyn" av 26.06.2002, (Førebyggjandeforskrifta, FOBTOT) samt "Forskrift om systematisk Helse, Miljø og Sikkerhetsarbeid i virksomheter" (HMS-forskrifta) av 01.01.1997, vart det utført tilsyn ved:

Objekt	Type objekt	Objekt id	Gnr/bnr
Radøy Ungdomsskule	A	76	
Adresse	Postnummer	Stad	
Manger	5936	Manger	
Eigar	Førre tilsyn	Dato gjennomført tilsyn	
	21.09.2010	24.02.2014	

**Før objektet/verksemda møte:**

**Brannvernleiar:** Alexander Kjeseth

**Eigar:**

**Verksemd:**

**Frå tilsynsmyndigheit møte:**

**Branninspektør:** Ole Johan Ingebrigtsen

**Branninspektør:**

**Innleiing**

Formålet med tilsynet er å vurdere om eigar og verksemda arbeider systematisk med branntryggleiken. Det vert lagt vekt på områder som er omtala i Internkontrollforskrifta § 5 og Førebyggjande forskrifta kap. 2 og 3. Formålet er og å få eit inntrykk av korleis internkontrollarbeidet vert administrert og praktisert ved verksemda.

**TILBAKEMELDING**

**Det skal gjevast tilbakemelding på denne rapporten innan 1 månad etter at den er motteken. Sjå siste del av rapporten.**

**Brannvernleiar sender kopi til eigar, brukarar og verneombod**

Dette tilsynet omfattar berre det organisatoriske brannvernarbeidet. Når det gjeld bygg og branddokumentasjon av dette vert det tatt opp med eigedomsavdelinga i kommunen.

## Vurdering og merknader til tryggleiken ved Radøy Ungdomsskule:

### Generelt

Det organisatoriske brannvernarbeidet ved Radøy ungdomsskule bærer preg av å ikkje vere prioritert dei siste åra. Dette kan ha ein samanheng med at det har vore hyppige byte av leiarar ved skulen. Det er likevel viktig at ein lagar så gode rutinar at ein ikkje får drevet eit godt brannførebyggjande arbeid ved skulen uavhengig av leiarar.

### Øving og opplæring

Det målagast ein plan for øving og opplæring, og gjennomføringar av øvingar og opplæring må dokumenterast.

### Instruksar og planar

Det vart ved tilsynet informert at vaktmeister tok hand om leigeavtaler. Leigeinstruksen bør vera tilgjengeleg for brannvernleiar, og skal kunne leggest fram ved branntilsyn.

## DEFINISJONAR

<b>Avvik:</b>	Å overtre krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerhetslovgjevinga.
<b>Avvik frå:</b>	Heimel i brann og eksplosjonsvern lova, førebyggjande forskrifta og HMS-forskrifta.
<b>Kommentar:</b>	Utfyllande opplysningar om avvik eller opplysningar som kan vera nyttig for mottakar.
<b>Merknad:</b>	Eit forhold tilsynsetaten meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta Helse, Miljø og Tryggleik, som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik.

## OBJEKTET HAR AVVIK SOM KAN GJE VARSEL OM PÅLEGG

Punkta under er peika på i tidlegare tilsynsrapport, og skal særskild skrivast om i tilbakemeldinga. Dersom punkta ikkje vert retta innan 3 md. frå dato på denne rapporten, vil Brannsjefen vurdere pålegg eller andre tiltak i samsvar med "lov om brannvern" § 37-40, samt § 42. Brannvernet kjem til å følgje opp denne saka med kontroll av tilhøva innan 6 md.. Desse punkta er:

- Avvik 1** Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande
- avvik 2** System for eller utføring av kontroll, ettersyn og vedlikehald er ikkje tilfredsstillande.
- Avvik 3** HMS/Internkontroll systemet er ikkje tilfredsstillande
- Avvik 4** System for eller gjennomføring av brannøving og opplæring er ikkje tilfredsstillande

### **Avvik 1: Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 2-3

**Kommentar:**

Rømmingsvegane er ikkje tilfredsstillande ryddige. Dette gjelder rømmingsveg frå sløyd. Det er og merka ein rømmingsveg frå biblioteket der det står ein reol framfor.

### **Avvik 2: System for eller utføring av kontroll, ettersyn og vedlikehald er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 3-1, § 2-4 og HMS-forskrifta § 5, 2. ledd pkt 7

**Kommentar:**

**Det manglar eigenkontroll (brannvernrunde) på:**

- Rømmingsveg

### **Avvik 3: HMS/Internkontroll systemet er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 2-2, 3-1, HMS-forskrifta § 5, 2. ledd pkt 4, 5, 6, 7 og 8

**Kommentar:** Det manglar:

- Risikoanalyse
- Overordna HMS – mål, og/eller delmål for brannvernarbeidet
- HMS-organisasjonsplan.
- System for avvikshandsaming

### **Avvik 4: System for eller gjennomføring av brannøving og opplæring er ikkje tilfredsstillande**

**Avvik frå:** Førebyggjande forskrifta § 3-1 og § 3-3 HMS-forskrifta § 5, 2. ledd pkt 2, 3 og 6.

**Kommentar:**

Gjennomført øving og opplæring er ikkje tilstrekkeleg dokumentert.

Omfang og frekvens av brannøving og opplæring skal bestemast ut i frå risikoen i verksemda. Etter slik vurdering er gjort, skal det lagast ein plan for opplæring og øving, vidare skal ein gjennomføre øving etter denne planen, evaluere det som er gjort, og eventuelt rette planen/opplegget.

**KRAV OM YTTERLEGARE SIKRINGSTILTAK OG BEREDSKAP** Brannvernlova § 14

Tilsynet avdekte ikkje forhold som krev ytterlegare tryggingstiltak eller beredskap utover kva som er angitt i Førebyggjandeforskrifta Kap 2, 3 og 4 jamfør brannvernlova § 14.

## OPPSUMMERING

Ved oppsummeringsmøtet vart dei registrerte avvik gjennomgått. Ein vart einig om at eigar og brukar finn løysingar for å utbetre dei feil og manglar som er gjeve i rapporten, og etablerer/held vedlike rutinar i samsvar med Førebyggjandeforskrifta og HMS-forskrifta.

Dersom det er avvik, kommentarar eller merknader i rapporten som De ikkje finn i samsvar med tilstanden i bygget eller verksemda er, ber vi dykk om å skrive dette i tilbakemeldinga. Treng De råd eller hjelp, ta kontakt med NGIB førebyggjande avdeling på Telefon 56 37 50 00. For meir informasjon om tilsynet eller avvika som er peika på, sjå rettleiinga til "Forskrift om forebyggende tiltak og tilsyn", ([www.dsb.no](http://www.dsb.no))

*Vidare gjer ein merksam på at dette branntilsynet ikkje er ein fullstendig kontroll, og at nemnde avvik og merknader (feil og manglar) ikkje er utfyllande. Det er eigar av brannobjektet si plikt å syte for at brannobjektet er bygd, utstyrt og vedlikehalde i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, om førebygging av brann. Jf FOBTOT §2-1.*

## TILBAKEMELDING


I samsvar med "Forskrift om brannforebyggende tiltak og tilsyn", § 6-2, ber brannvesenet om ei skriftleg tilbakemelding (ein handlingsplan!) innan 1 md. etter at rapporten er motteke. Handlingsplanen skal innehalde opplysningar om korleis og når avvika vil bli retta, samt kven som er ansvarleg for gjennomføringa.

**Tilbakemeldinga skal sendast:  
NGIB Førebyggjande avdeling  
Dokumentsenteret,  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ**


**Neste tilsyn vert gjennomført i 2015**

Med førebyggjande helsing

**Brannsjef  
i  
Radøy kommune**

  
Rolf-Henning Myrmæl

**Nordhordland og Gulen interkommunale  
brannførebyggjande avdeling  
N G I B**

  
Ole Johan Ingebrigtsen